



Foto: Øystein Enæs.

Oppdatert: Saka om dyrevelferd og Festidalen er lyfta frå lokalt plan til fylkesnivået i Hordaland Bondelag. Det vart gjort etter at Festidalleiinga sende Bondelaget brev med spørsmål om dokumentasjon og avklaringar. Dette stadfestar Kjetil Mehl i Fylkeslaget til Uskedalen.no. Saka fekk ei ny vending etter pressesamlinga på Haugland tysdag i førre veke. Kjetil Mehl legg vekt på dialog i det vidare arbeid for å koma fram til gode løysingar i framtida.

Det syner seg at saka er samansett. Her trengst mykje avklaring av eksakt kva som har gått føre seg - til kva tider - konsekvensar - og nett kva som har vore årsak til kvar enkelt hending. Redaksjonsgruppa (Kristian Bringedal, Thor Inge Døssland og Svein Rimestad) har freista å fylgja med så breitt som mogleg, og dette er slik vi oppfattar saka til no:

Nokre kalvar tilhøyrande Kjærland samdrift, gjekk på beite like ovom Dønhaug, og har vorte skræmde. Dei hadde brote seg over til Olav Hjetland Bringedal og vorte årsak til ein del materiell skade hjå han. Dyra er tekne heim, og skal framleis vera svært skjerre.

Arne Johannes Haugland har mista ei kvige som hadde vorte liggjande fastkilt under nokre rotvelter på Klammeren. Han hadde sakna kviga sidan fredag.

Svein Ottar Rørheim fann att ein flokk kalvar i nærleiken av kalkingsstasjonen etter at dei hadde rømt frå beite på Døssland.

Det har ikkje vore snakk om fleire hendingar så vidt vi veit.

Saka vart kjend for media tysdag ettermiddag, og uskedalen.no hadde eit oppslag om hendingane frå morgonen 09.08. Det kan de lesa [HER](#). Saka har versert på nettavisa til Kvinnheringen sidan kvelden 08.08, med bilete av den skadde kviga. Nettsida til avisa Sunnhordland hadde saka oppe med same bilete, samt eit stutt intervju

med leiar for mattilsynet i Hardanger og Sunnhordland 09.08. Same dagen hadde NRK Hordaland saka oppe i radioen med intervju av Arne Johannes Haugland. Riksdekkande NRK hadde saka på nettsida si med bilete frå same dagen. 10.08. hadde Grenda saka i papiravisa, og 11.08. hadde Kvinnheringen saka i papirutgåva si. Fleire andre aviser rundt om i landet har og omtala saka, iallfall på nettutgåvene, med biletet til Kvinnheringen som illustrasjon.

Uskedalen.no er kjend med at Festidalenleiinga 10.08. sende eit omfattande brev til Uskedal bondelag. Sidan dei ikkje hadde fått oversendt ei formell framstilling av saka enno, ville dei ha greie på kva som hadde gått føre seg, kven som hadde vorte skadelidande, og ei så eksakt som mogleg tidfesting av hendingane. Det vart nemnt at slike ulukker kan ha mange årsaker. Lydnivået på ulike stader i dalen kan ikkje ha vore like sterkt over alt. Årsakssamanheng kan difor vera ulikt innlysande etter kvar ein er i dalen.

Som eit resultat av dette brevet - og sidan saka har fått så mykje omtale - vende Uskedal bondelag seg 11.08. til Hordaland bondelag for hjelp. Det vart til at dei med sitt organisasjonsapparat valde å ta over handsaminga av saka og stå for kontakten med Festidalenleiinga. Hordaland bondelag har underretta Festidalenleiinga om dette.

Leiar i Hordaland bondelag, Kjetil Mehl, stadfesta 12.08. at slik låg saka an no, og dei var innstilte på å få i stand eit møte med Festidalenleiinga straks over helga. Ut over det at han kom til å møta sjølv, var han førebels usikker på kven som elles kom til å vera til stades frå deira side.

Moment i drøftingane mellom bondelaget og festidalenleiinga kjem truleg mellom anna til å vera dette med lydnivå ulike stader i dalen, kva ein kan gjera for å unngå for sterk lyd (ulike fysiske tiltak med innretting av scene, støydemping, fyrverkeri m.m.). Dette med planlegging i høve til kvar ein har dyr nett under avviklinga av Festidalen, er og eit aktuelt tema. Det å setja inn 200 dyr i Uskedalen i denne tida er eit tiltak som truleg vil vera for omfattande å gjennomføra.

Tekst og nett: redaksjonen